

---

**Fra:** Nottveit Vidar <vidar.nottveit@vegvesen.no>  
**Sendt:** 22. april 2015 08:31  
**Til:** sindre  
**Kopi:** Tord Moltumyr  
**Emne:** SV: Fløyting og ryggesensor. Flatøy.

Hei

Som vi har skreve tidligare beklager vi alle ulempene anlegget vårt får for naboane våre.

Vi forsøkjer saman med entreprenøren å begrensa desse ulempene, men det blir alltid noko som rammar 3 part.

Når det gjeld ryggesensorar er sikkerhetsutstyr som er montert på maskinene for å unngå uønska hendingar. Vi kan derfor ikkje koble disse ut.

Å nyte anna kommunikasjon telefon/radio etc. er ikkje ønskeleg da dette etter vår vurdering flyttar fokus vekk fra jobbe og over på tekniske apparat, noko som igjen medfører unødig risiko

Når det gjelde arbeidstid vil me forsøkja saman med entreprenøren å begrense dette til tidsrommet 07:00 – 19:00.

Om det ved særskilte høve vil det bli behov for å jobbe vesentlig lenger, vil dette bli varsle særskilt.

For å redusera støvplagen frå anlegget brukar vi salt og saltvatn for å binde støvet i tørre periodar, håper dette vil hjelpe på den problemstillinga.

Mvh  
Vidar

---

**Fra:** sindre [<mailto:sindhop2@hotmail.com>]  
**Sendt:** 15. april 2015 20:43  
**Til:** Nottveit Vidar  
**Kopi:** [tord.moltumyr@meland.kommune.no](mailto:tord.moltumyr@meland.kommune.no)  
**Emne:** Fløyting og ryggesensor. Flatøy.

Hei

Sender denne mailen grunna pipinga frå ryggesensorar og den ekstreme bruken av fløyta( fleire sekunder om gangen) i forbindelse med lessing og lossing, då det er støyande og sjenerande for oss som bur i nærleiken.

Det vert ikkje tatt hensyn til om klokka er 0700 eller om ho er 2000. Det er også komme eit deponi ca. 30 meter fra soverommet vårt og her blir det lossa til alle døgnets tider.

Anleggsarbeidet varer ofte til 2030. Vi har to barn som legger seg kl. 1900 og på soverommet er det då mykje støy, og spesielt ryggesensoren og fløytinga er forstyrrende og unødvendig. Dette forstyrre deiras innsøvningsfase. Tidlegare har arbeidet vorte avslutta kl. 19.00, og då har me trøsta oss med at ungane i alle fall for sovne utan denne støyen. Men etter me stilte klokka og kveldane vart lysare, har arbeidet vart lenger på kvelden. Me føler oss ganske makteslause no og føler vi aldri får "fred".

Eg snakka med prosjektleder for Implenia (Jørn Inge Grytten) i dag 15.04.15 og spurde kva for retningslinjer dei har for varsling innad i implenia, med tanke på lessing og lossing. Eg fekk ikkje noko konkret svar, noko som kan tyde på at arbeiderene ikkje har nokre konkrete retningslinjer med tanke på arbeid i bebygde strøk. Han sa fløyta blei brukt for og varsle den som rygga når han måtte stoppe, og at ryggesensor er det ingen krav til, men dei er montert på maskinene. Og det var HMS( HELSE MILJØ OG SIKKERHET!) på topp i følge Grytten.

Dette med fløytinga og ryggesensoren har me tatt opp med deg tidlegare, utan å få noko konkret svar. Me ønsker at de skal sjå på andre moglegheiter slik at situasjonen vert leveleg for oss fram til 2016. Me veit til dømes at de har radiosamband, dette måtte vel kunna erstatte fløytinga?

Og så lurer me sjølvsgatt på kor lenge skal de egentlig arbeider på kveldane? Er dette noko de regulerer heilt sjølv, utan å ta hensyn til oss som bur og lever oppi dette?

Viss ikkje det blir satt inn tiltak snartast, så tar eg dette vidare med kommunen sitt miljøretta helsevern slik at dei kan ta det vidare.

Helsing Sindre Hopland, Flatøyvegen 86